



Arkivnr: 2015/2797-86

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		03.06.2019

Klagesak - klage på avslag om endring av vilkår på drosjeløyve R-5004 - løyvehavar Taxi 1 AS

Samandrag

Taxi 1 AS er innehavar av drosjeløyve R-5004 og har vilkår om storleik 10-17 sete og plass til rullestol. Taxi 1 søkte i ein e-post datert 30.01.19 om å endre vilkår på R-5004 til liten bil og eventuelt og utan krav om rullestolkapasitet.

Løyvestyresmakta avslo søknaden i brev av 07.02.2019. Det vart i avslaget vist til midlertidig dispensasjon frå vilkår om 10-17 sete og rullestolskapasitet på 8 stk. drosjeløyve. Slik dispensasjon er gitt ut 2019. Vilkåret for midlertidig dispensasjon var at vilkåra på R-5004 og R-5011 stod uendra, dvs. 10-17 sete og rullestolskapasitet.

I e-post datert 18.02 ber Taxi 1 om fornya vurdering av søknaden og meiner løyvestyremakta ikkje har ferdigbehandla søknaden. Løyvestyremakta har behandla e-posten som klage på vedtaket.

På bakgrunn av opplysningane i saka og klaga finn fylkesrådmannen å rå til at klage frå Taxi 1 på fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag om endring av vilkår på drosjeløyve R-5004 ikkje vert teken til følgje.

Forslag til innstilling/vedtak

Klage frå Taxi 1 over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag om endring av vilkår på drosjeløyve R-5004 vert ikkje teken til følgje.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift
.Fylkesrådmannen, 08.05.2019

Innleiing

Taxi 1 AS er innehavar av drosjeløyve R-5004 og har vilkår om storleik 10-17 sete og plass til rullestol. Taxi 1 søkte i ein e-post datert 30.01.19 om å endre vilkår på R-5004 til liten bil og eventuelt og utan krav om rullestolkapasitet.

Løyvestyresmakta av slo søknaden i brev av 07.02.2019. Det vart i avslaget vist til midlertidig dispensasjon frå vilkår om 10-17 sete og rullestolskapasitet på 8 stk. drosjeløyve. Slik dispensasjon er gitt ut 2019. Vilkåret for midlertidig dispensasjon var at vilkåra på R-5004 og R-5011 stod uendra, dvs. 10-17 sete og rullestolskapasitet.

I e-post datert 18.02 ber Taxi 1 om fornya vurdering av søknaden og meiner løyvestyremakta ikkje har ferdigbehandla søknaden. Løyvestyremakta har behandla e-posten som klage på vedtaket. Klage er rettidig.

Saka er oversendt klagenemnda for behandling.

Rettsleg grunnlag

Yrkestransportforskrifta § 5

Løyvemyndigheten kan innenfor rammen av yrkestransportlova § 25 sette nærmere vilkår for løyvet. Vilkår som er satt for et løyve kan endres eller suppleres i løyveperioden. Vil ikke løyvehaveren fortsette driften på de nye vilkår, skal han gis en rimelig tid for avvikling.

Klage frå Taxi 1

«Det vises til avslag av 7.2.2019, søknad om å drive R 5004 med liten bil.

HFK har slik vi kan se det ikke lest eller vurdert søknaden fra Taxi 1.

Taxi 1 ba om vurdering på om løyve R 5004 kunne besettes med vanlig bil, eventuelt også uten krav til rullestol.

Taxi 1 ber således ikke utelukkende om å slippe rullestolkravet, men forspør også på dette.

Vi oppfatter avslaget som om et det er fokus og selve rullestolkravet som er det bærende elementet i beslutningen om å avvise søknaden.

Søknaden er således ikke ferdigbehandlet og avslaget kan dermed ikke påklages før den fullt ut er behandlet. Dette også for å spare ressursbruken for det offentlige.

Vi ber derfor om en fornyet vurdering av søknaden og ber spesifikt om at R 5004 kan besettes med bil som kan frakte rullestol, men uten at vi trenger å kjøre en buss med 10 til 16 passasjerplasser for å få dette til. Taxi 1 vil med innvilget søknad fortsatt sikre drift med 2 rullestolbiler. Det gjør det faktisk bare letter for selskapet å få til god drift.

Taxi 1 har for øvrig 12 av 67 biler som store maxitaxier, og nesten hele resterende flåten som maxi 6, slik at setekapasiteten overfor publikum er svært sterkt.

Fint om dere kan vurdere saken på nytt.»

Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Ved ein inkurie blei «fylkesdirektør samferdsel» si vurdering i det delegerte saksframlegget skreve inn under «fylkesrådmann si vurdering». Dette er no retta. Riktig er «fylkesdirektør samferdsel si vurdering når klaga handsamast av førsteinstansen.

«Fylkesutvalet ga Taxi 1 konsesjon til å driva drosjesentral og tildelte av 25 drosjeløyve direkte til sentralen i 2004. Det vart sett vilkår om bil i storleik 10-17 sete og plass til rullestol på 10 av løyva. Etter dette har Taxi 1 fått tildelt fleire løyve slik at den totale løyveporteføljen eigd av sentralen i dag er 67 løyve.

Taxi 1 som er både drosjesentral med rett til å formidla drosjetransport og rett til å knyta til seg sjølvstendige løyvehavarar og med ein stor eigen løyveportefølje, har svært gunstige driftsvilkår samanlikna med dei andre drosjesentralane i Bergen køyreområde. Det er såleis rimeleg at Taxi 1 har ein løyveportefølje på minimum 10 løyve med slik storleik og kapasitet.

Taxi 1 fekk etter søknad i 2014, nedklassa 5 stk. løyve til inntil 9 sete med plass til 1 rullestol, og selskapet skal i dag ha 5 stk. løyve med bil storleik 10-17 med plass til rullestol og 5 stk. løyve med bilar for inntil 9 sete med plass til rullestol. Løyvestyresmakta har såleis lempa noko på vilkåra.

Taxi 1 har likevel ikkje oppfylt vilkåra på løyva, og i 2017 søkte selskapet om å få fjerna krav om 10-17 sete og rullestolskapasitet på alle løyva. Etter ein lang søknadsprosess fatta løyvestyresmakta vedtak den 16.04.2018 med følgjande ordlyd:

«Søknad av 09.03.2018 om midlertidig dispensasjon frå krav om rullestoltransport på 8 stk. drosjeløyve eigd av Taxi 1 AS vert innvilga. Midlertidig dispensasjon for 8 stk. drosjeløyve gjeld fram til leveranse av elektrisk rullestolbilar, men ikkje lenger enn ut 2019.»

Vilkåret for å gje slik midlertidig dispensasjon går fram av ordlyden i brevet der det heiter at:
Taxi 1 får midlertidig dispensasjon frå krav om rullestol på 8 stk. drosjeløyve, men skal halda fram med 2 stk. løyve med vilkår storleik 10-17 sete og plass til rullestol. (Vår understreking)

Det går her tydeleg fram at vilkår for midlertidig dispensasjon gjeld både storleik på bil og rullestolskapasitet. I avslaget på endring av vilkår på drosjeløyve R-5004, viser løyvestyresmakta til denne ordlyden. Det er klart at løyvestyresmakta har vurdert både storleik og rullestolskapasitet når avslaget vart gitt.

Løyvestyresmakta kan suverent setja vilkår på det einskilde drosjeløyve, jf. yrkestransportforskrifta 5. Slike vilkår kan setjast ved tildeling og dei kan endrast i løyveperioden. Dersom løyvehavar ikkje ønskjer å driva løyva under desse vilkåra, må løyvehavar levera inn løyvet etter at han har fått ein rimeleg avviklingsfrist.

I Taxi 1 sitt tilfelle er det slik at selskapet skal ha eit visst antal løyve med storleik 10-17 og plass til rullestol. Kravet til eit visst antal løyve med desse vilkåra, inneber at sjølv om Taxi 1 ikkje vil driva R-5004 på gjeldande vilkår og eventuelt vel å levera inn løyvet, må selskapet likevel setja bil i denne storleiken og med rullestolskapasitet på eit anna løyve. Dette fordi selskapet per i dag skal ha 2 stk. løyve med slike vilkår.

Løyvestyresmakta har som nemnt allereie lempa på storleiken på 5 stk løyve knytt til Taxi 1, og ein har gitt ytterlegare midlertidig dispensasjon slik at selskapet ut 2019 berre skal ha 2 stk. løyve i drift i storleik 10-17 sete og rullestolskapasitet. Det bør vera eit minimum at ein så stor aktør som Taxi 1 med ein så føreseieleg løyveportefølje, kan halda to store rullestolbilar i drift. Fylkesdirektør samferdsel finn ikkje grunn til å omgjera avslaget og rår til at klage frå Taxi 1 ikkje vert teken til følgje.»

Fylkesrådmann si vurdering

Saka gjeld avslag på endring av vilkår på drosjeløyve R-5004 tilhøyrande Taxi 1.

Bakgrunn for saka er at Taxi 1 søkte løyvestyremakta i e-post av 30.01.19 om aksept på at løyve R-5004 blei bytta til vanleg bil og eventuelt utan eit krav til rullestol. Vilkåra for R-5004 er storleik 10-17 sete og plass til rullestol.

Det var eit vilkår når fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune i 2004 tildelte 25 drosjeløyve til Taxi 1 at 10 av løyva skulle vere 10-17 seter med plass til rullestol. Etter ein søknadsprosess i 2014 blei vilkåret at Taxi 1 skulle ha 5 stk. løyve med bil storleik 10-17 seter og plass til rullestol. På grunn av vanskar med å likevel oppfylle vilkåra, fekk Taxi 1 i søknad av 09.03.2018 dispensasjon frå krav om rullestolkapasitet på 8 av løyva ut 2019. Krav frå løyvestyremakta når det blei gitt samtykke til denne dispensasjonen var at Taxi skulle halde fram med 2 stk. løyve med vilkår storleik 10-17 sete og plass til rullestol. Eit av desse løyva var R-5004.

Taxi 1 har anført at avslaget datert 07.02.19 berre fokuserer på sjølve kravet om rullestol og ikkje på det som går på endring av storleiken på bilen. Taxi 1 presiserer at det primært er storleiken på bilen det er søkt om endre vilkår på, og at krav om rullestol er ein tilleggsførespurnad. Taxi 1 meiner difor at saka ikkje er ferdig behandla.

Fylkesrådmannen er ikkje einig med Taxi 1 i at søknaden ikkje er ferdig behandla. Det går tydeleg fram av vedtaket datert 07.02.19 at løyvestyremakta har vurdert Taxi 1 sine søknad opp mot dei krav og vilkår som er sett for dei konkrete løyva til taxi 1. Det altså grunngeve eit krav om både *storleik på bil og rullestolkapasitet* for R-5004 sett opp mot øvrig vedtak, jf. framstillinga innleiingsvis. Fylkesrådmann vil og poengtere at løyvestyremakta etter yrkestransportforskrifta § 5 har mynde til å endre på vilkår og vurdere kva slags vilkår som skal vere gjeldande til ei kvar tid.

Fylkesrådmannen er samd i dei vurderingane som er gjort i saka av fylkesdirektør samferdsel, og finn at saka er godt utreda.

På bakgrunn av opplysningane i saka og klaga finn fylkesrådmannen å rå til at klage frå Taxi 1 på fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag om endring av vilkår på drosjeløyve R-5004 ikkje vert teken til følgje.